



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato  
26.02.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/2743  
Dykkar referanse

Til kommunane i Hordaland

### Melding om kompetansemidlar til barnehagane 2014

Frå 1.1.2014 er «Kompetanse for framtidens barnehage – Strategi for » gjeldande. Strategien vil gjelde til 2020.

Fylkesmannen melder om at kommunane i Hordaland vil få kr. 3 937 000 som skal brukast til å auke kompetansen til tilsette i barnehagar. Vedlagt denne meldinga er oversyn om kor mykje kvar kommune vil få. Kommunen sender søknad og legg ved kommunen sin plan for bruken av desse midlane.

Midlane skal gå uavkorta til kompetansetiltak for dei tilsette i barnehagane i samsvar med strategien<sup>1</sup>, og til dei prioriteringar som vil gå fram av direktoratet sin plan for oppfølging av strategien.

#### Sentrale føringar

Kompetansemidlane skal bidra til utvikling av barnehagen som lærande organisasjon.

Midlane skal bidra til å styrke personalet sin kompetanse i arbeidet med å omsetje føremålet i barnehagelova til dagleg praksis i barnehagen. Midlane kan, om ønskjeleg, knytast til arbeid med lokalt utviklingsarbeid eller prosjekt i barnehagane som allereie er i gang.

Kompetansestrategien omfattar fire tematiske satsingsområde som er forankra i formålet og rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver.

Dei tematiske satsingsområda som skal vere førande for arbeidet med kompetanseutvikling i åra framover er:

- Pedagogisk leing – barnehagen som lærande organisasjon
- Danning og kulturelt mangfald
- Eit godt språkmiljø for alle barn
- Barn med særskilte behov

Kunnskap om dei yngste barna si utvikling skal stå sentralt i arbeidet innanfor alle dei fire satsingsområda. Kunnskap og ferdigheter i kreativ og kritisk bruk av digitale verktøy skal også inngå i alle satsingsområda.

Utdanningsdirektoratet stiller krav om at kompetansemidlane skal brukast på tiltak som er i tråd med mål og innhald i kompetansestrategien. Dette må synleggjerast i kommunen sin kompetanseplan som skal leggjast ved søknaden.

<sup>1</sup> [Kompetanse for framtidens barnehage](#)

## **Målgruppe**

Kompetansemidlane for 2014 skal brukast til kompetanseutvikling for alle grupper tilsette i kommunale og ikkje-kommunale barnehager.

## **Ansvar**

Det vert forventa at kommunen som barnehagemyndighet, barnehageeigar og barnehagen tek ansvar for å sikre heilskap og god samanheng i arbeidet med satsingsområda og utvikling av barnehagen som lærande organisasjon i strategiperioden 2014-2020. Det vil bidra til kompetanseutviklinga for alle grupper tilsette i barnehagen.

Fylkesmannen vil oppmode kommunane om å samarbeide med universitet og høgskolar for å utvikle kompetansetiltak som byggjer på ny og forskingsbasert kunnskap på barnehagefeltet. Erfaring har vist at regionalt samarbeid i Hordaland har ført til god ressursutnytting og auka kvalitet på tilboda.

## **Andre midlar**

I tillegg til kompetansemidlane som vi orienterer om i dette brevet, er det løyvd midlar til etter- og vidareutdanning. Orientering er gitt på Fylkesmannen si heimeside. Aktuelle tilbod er under planlegging gjennom eit samarbeid mellom Fylkesmannen, UH-sektoren og representantar frå kompetanseregionane. Innspel til dette samarbeidet skal gå gjennom regionsrepresentantane. Les meir om etter- og vidareutdanning på Fylkesmannen si nettside [Fylkesmannen i Hordaland - Barnehage](#).

Søknaden skal sendast [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

**Frist for å søkje er 1. juni 2014.**

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Oversyn over kompetansemidlar 2014